

Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 15/11900-8

Plan for selskapskontroll 2016 - 2020 - overordna analyse - prioritering

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Arbeidsdokument 1 til overordna analyse vert godkjent med dei prioriteringar som kom fram i møtet
2. Kontrollsjefen får i oppdrag å utarbeide Plan for selskapskontroll til neste møte i kontrollutvalet.

Vedlegg:

- Arbeidsdokument 1 – Overordna analyse selskapskontroll

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Overordna analyse for selskapskontroll vart vedteken bestilt 24.11.2015 i KU-sak 51/15. Bestillinga vart oversendt SF revisjon IKS i etterkant av møtet.

Prosjektplan for oppdraget vart vedteken 3.3.2016 i KU-sak 16/16.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet skal gjere sine prioriteringar i arbeidsdokumentet til overordna analyse som er vedlagt saka. Den ferdige analysen vert grunnlaget for Plan for forvaltningsrevisjon som utvalet får til handsaming i møte 27. september.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen legg fram arbeidsdokument 1 til overordna analyse, utarbeidd av SF revisjon IKS, som grunnlag for prioriteringar av dei kontrollhandlingar som kontrollutvalet vil gjennomføre innan selskapskontroll på dei neste åra. Overordna analyse med prioriteringar vil vere grunnlaget for Plan for selskapskontroll.